

Hemoglobin (Hb) i blod

Hb, blodprosent

Bakgrunn

Hemoglobin er det oksygenberande, raude pigmentet i erytrocyttane.

Indikasjonar

Diagnostikk og behandlingsskontroll ved anemiar, polycytemi og blødningar. Generell helsescreening.

Referanseområde

Alder/kjønn	g/dL
0 - 14 dagar	14,9 - 24,5
15 - 30 dagar	12,6 - 18,4
1 - 2 mnd	9,6 - 17,1
3 - 5 mnd	9,3 - 13,1
6 - 12 mnd	11,0 - 13,9
1 - 3 år	10,5 - 13,5,
4 - 6 år	11,5 - 14,5
7 - 12 år	11,5 - 15,5
kvinner > 13 år	11,7 - 15,3
menn > 13 år	13,4 - 17,0

Prøvemateriale



Rør tilsett EDTA. Fyll rør til merka volum og bland godt rett etter prøvetaking.

Haldbarheit EDTA-blod: 4 døgn.

Tolking

Høge verdjar ved polycytemi. Dehydrering kan gi relativ polycytemi.

Låge verdjar er per definisjon anemi. Nedsett hemoglobin i fullblod med normalt totalt hemoglobininnhald i ein normal erytrocyttmasse, kan sjåast i svangerskapet, etter splenektomi og ved makroglobulinemia. Årsaka er auka plasmavolum.

Verdjar under 6,5 g/dL vil bli forsøkt varsla per telefon.

For prøver tilsendt frå primærhelsetenesta vil verdjar under 8,0 g/dL bli forsøkt varsla.

Feilkjelde: Lipemi og/ eller høg LPK kan gi falskt for høg Hb.

Biologisk variasjon: Intraindividuell biologisk variasjon: 2,8 %